



Arkivnr: 2014/11838-2  
Saksbehandlar: Anne Aune, Elisabeth Bjørsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		26.04.2017
Fylkesutvalet		03.05.2017

## Digital formidling - disponering av midlar

### Samandrag

Saka gjeld disponering av midlar avsett til digital formidling og utvikling av samarbeid med Universitetet i Bergen sin nettportalen Grind.

Arbeidet med å opne og gjere tilgjengeleg kulturfeltet for alle, både fysisk og digitalt, er grunnleggande i kulturpolitikken i Hordaland. I Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025 er utvikling av den digitale allmenningen ein av dei seks satsingane under fellesområde *Formidling og deltaking*. Målsettinga er at digitale arenaer på kultur- og idrettsfeltet skal utviklast slik at dei er tilgjengelege og tilrettelagde for alle. I handlingsprogrammet for Regional kulturplan er innsatsområdet inkludering og kulturregion Vestlandet prioriterte hovudsatsingane på tvers av fagfelta i 2017.

Hordland fylkeskommune tok i 2012 initiativ til ein søknad til Kulturrådet om digital formidling på Vestlandet. Kulturrådet gav ei løyving på kr. 250 0000 og fylkeskommunen sette av kr 100 000 i egne midlar til prosjektet. Den nasjonale digitale infrastrukturen som dette prosjektet skulle utviklast på grunnlag av, var ei satsing som Kulturrådet avvikla før prosjektet kom i gang. Desse midlane vart difor sett på fond for å utgreie anna digital infrastruktur. I tillegg er det sett av kr. 165 000 frå prosjekt Digitalt matkultursenter tidleg på 2000-talet, men som ikkje er blitt realisert. Til saman står det difor avsett til digital formidling kr. 515 000.

Hausten 2016 lanserte Universitetet i Bergen kunnskapsbasen Grind, <http://grind.no/>. Dette er ein portal for formidling av kunnskap om landskap og livsmiljø, henta frå forskarar ved Universitetet i Bergen og frå fagmiljø som Bjerknessenteret, Havforskningsinstituttet, offentleg forvaltning og musea på Vestlandet.

Fylkesrådmannen ser portalen Grind som ei framtidretta digital satsing som ein ønskjer å støtte opp under økonomisk og fagleg. Formalisert samarbeid om digital formidling mellom Universitetet i Bergen og Hordaland fylkeskommune vil også styrkje samhandlinga mellom academia og offentleg forvaltning.

### Forslag til innstilling

1. Utval for idrett, kultur og regional utvikling ser Universitetet i Bergen sin kunnskapsbasen Grind som ein framtidretta digital satsing.
2. Utval for idrett, kultur og regional utvikling vedtek å disponere midlane som er avsett til digital formidling på kr. 515 000 fordelt over 3 år til fagleg utvikling og samarbeid med kunnskapsbasen Grind.

3. Utval for idrett, kultur og regional utvikling set som føresetnad at midlane vert knytt opp mot fylkeskommunale satsingar som kulturminneplanar i kommunane, utvikling av nettstadane til biblioteka, NDLA (digitale læremiddel for vidaregåande opplæring) og andre digitale kultursatsingar på Vestlandet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 13.03.2017

### Bakgrunn

I Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025 er utvikling av den digitale allmenning ein av dei seks satsingane under fellesområde formidling og deltaking. Målsettinga er at digitale arenaer på kultur- og idrettsfeltet skal utviklast slik at dei er tilgjengelege og tilrettelagde for alle. Utvikling av nettbaserte løysingar og integrasjon av kunnskap i ulike databasar, har opna nye moglegheiter for nettbasert formidling. Kommunane og fylkeskommunane i Noreg har sett opp ei målsetting om at dei skal vere blant dei fremste i verda på elektronisk innbyggardialog, digitale tenester og effektiv e-forvaltning (KS, *eKommune 2012 – lokal digital agenda*, 2008). Dette vil òg påverke den digitale samhandlinga i kulturlivet og stiller krav til utvikling av digitale arenaer. Bruk av mobil til alle gjeremål på nettet aukar særskilt. Det krev at innhaldet er tilpassa, og opnar også for ny tenesteutvikling. Dette er i tråd med målsettinga i Regional planstrategi Hordaland 2016-2020 der ei målsetting er å utvikle samarbeid i ein sterk vestlandsregion gjennom bl.a. å styrke den digital infrastruktur. I handlingsprogrammet for Regional kulturplan er innsatsområdet inkludering og kulturregion Vestlandet prioriterte hovudsatsingane på tvers av fagfelta i 2017. Grunnleggande for kulturpolitikken i Hordaland skal vere å arbeide for å opne kulturfeltet for alle, både fysisk og digitalt.

Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire tiår arbeidd med dokumentasjon og formidling av kulturhistorie i samarbeid med Universitetet i Bergen, fylkesmannen, kommunane og arkiv- og museumsinstitusjonane i fylket. Innhaldstilfanget er stort og rikt og har nådd breitt ut til befolkninga i og utanfor Hordaland. Av spesielt høg fagleg verdi er stoffet som er blitt produsert to kunnskapsbøkene om Hordaland; Kulturhistorisk vegbok (1993) og Naturhistorisk vegbok (2004). Bøkene representerer ei nyskaping i formidling av «kunnskap i fullformat» frå forskarane i fagmiljøa, gjennom pedagogiske tema-artiklar, kombinert med naturhistoriske og kulturgeografiske presentasjonar av landskap og lokalitetar i kommunane, eit rikholdig bilestoff i høg kvalitet og historiske kart og grafikk. Begge bøkene har vore svært populære og er blitt trykt opp i fleire opplag. Fylkeskommunen har også produsert ei rekke kulturhistoriske skilt av god fagleg kvalitet og i samband med Prosjekt kulturminnekompetanse til kommunane er kunnskap, kompetanse og dokumentasjon viktige satsingsområde.

### Midlar til rådvelde

Hordaland fylkeskommune tok i 2011-2012 initiativ til å bruke dei nasjonale digitale fellesløysingane i eit lokalt tilpassa prosjekt langs Rallarvegen, og utvikla Rallarvegappen. Erfaringane frå Rallarvegprosjektet synleggjorde kva potensiale som ligg i bruken av denne typen teknologi, og Hordaland fylkeskommune tok difor initiativ til ein søknad til Kulturrådet om digital formidling på Vestlandet i samarbeid med fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Søknaden var forankra politisk i Hordaland i ei sak lagt fram for Kultur- og ressursutvalet 02.10.2012. Kulturrådet gav ei løyving på kr. 250 0000 og fylkeskommunen hadde kr 100 000 i eigen midlar til prosjektet. Den nasjonale digitale infrastrukturen som dette prosjektet skulle utviklast på grunnlag av, var ei satsing som Kulturrådet avvikla før prosjektet kom i gang. Desse midlane vart difor sett på fond for å utreie anna mogleg digital infrastruktur. I tillegg er det sett av kr. 165 000 frå prosjekt Digitalt matkultursenter som vart initiert av Kulturlandskapsenteret tidleg på 2000-talet, men som ikkje er blitt realisert. Til saman står det difor på fond Digital formidling kr. 515 000.

### Plan for bruk av løyvinga

Hausten 2016 lanserte Universitetet i Bergen kunnskapsbasen Grind, <http://grind.no/>. Dette er ein portal for formidling av kunnskap om landskap og livsmiljø, henta frå forskarar ved Universitetet i Bergen og frå fagmiljø som Bjerknessenteret, Havforskningsinstituttet, forvaltningsmiljøa og musea på Vestlandet. Utgangspunktet for Grind er digitaliserte utgåver av Kulturhistorisk vegbok og Naturhistorisk vegbok for Hordaland. Redaksjonen i Grind tok tidleg i 2017 kontakt med Hordaland fylkeskommune for å høyre om fylkeskommunen vil vere med å utvikle Grind som plattform for formidling av kultur- og naturhistorie, klima, arkeologi og historie. Fylkeskommunen vil då vere del av det faglige nettverket til Grind, bidra med stoffleveranse og delta i styringa for Grind. Grind ønskjer også å etablere eit fagnettverk spesielt knytt opp mot natur/realfag og historie/samfunnsfag for vidaregåande skole i Hordaland, og fylkeskommunen formidla kontakt opp mot den digital læringsportal NDLA (Nasjonal digital læringsarena)).

For moderne bibliotek er digitale ressursar like naudsynte som biblioteklokale og fysiske samlingar. Eit mål i Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025 er at biblioteka i Hordaland skal gje innbyggjarane lik tilgang til aktuelle og relevante digitale ressursar. I dag har vi ein situasjon med eit stadig meir mangfaldig digitalt

kjeldeunivers. Mange gode kjelder når ikkje ut til potensielle brukarar, og vi skal sjå korleis vi kan nytte folkebiblioteka sine nettsider for å kople kunnskapsressursar og brukarar saman. Hordaland fylkeskommune har difor søkt om kr 300 000 frå utviklingsmidlane til Nasjonalbiblioteket for 2017 til prosjektet *Kjelda - formidling av digital kunnskap*. Målsettinga med prosjektet er å integrera offentleg finansierte, digitale kjelder på folkebiblioteka sine nettadar på ein dynamisk måte. Strategien er å arbeida med formidling av digitale, kvalitetssikra kunnskapskjelder på biblioteknettstadene og å utnytte potensialet som ligg i det digitale bibliotekrommet og kopla det til dagleg formidlingsarbeid. Ein av dei viktigaste kunnskapsbasane som det vil vere aktuelt å hauste digitale kjelder frå er Grind.

Hordaland fylkeskommune ser portalen Grind som ein framtidsretta digital satsing som ein ønskjer å støtte opp under økonomisk og fagleg. Grind er godt fagleg forankra på Universitetet i Bergen og fylkeskommunen ser at den digitale infrastrukturen som Grind bygger på som framtidsretta og vil vere ein ressurs for andre digitale satsingar i Hordaland og seinare på resten av Vestlandet. Fylkeskommunen ønskjer difor å disponere midlane som er avsett på fond til digital formidling på kr. 515 000 fordelt over 3 år til fagleg utvikling og samarbeid med portalen Grind.